

DEN NORSKE KYRKJA

Fjaler sokn
Dalstunet, Dalsvegen 105A
6963 Dale i Sunnfjord

Årsrapport 2022

Fjaler sokn



Mål for kyrkja i Fjaler:

At Kristus skal bli kjend, trudd, elska og etterfølgd.



Møte menneska der dei lever; i glede og i sorg.

ÅRSRAPPORTEN 2022

Årsrapporten speglar det meste av aktiviteten til den lokale kyrkja i Fjaler. Kyrkjeverje er «redaktør» men både sokneprest og kantor har skrive om sine ansvarsområde.

Årsrapporten vil vere tilgjengeleg på Fjaler sokn si heimeside: www.fjaler.kyrkja.no, og blir lagt ut i kyrkjene/kapella og kan hentast på kyrkjekontoret.

Gudstenester, der mellom anna kor og barn som deltek i trusopplæringstiltak er involvert, er Fjaler sokneråd sitt hovudsatsingsområde.

Koronapademien. Etter to år med koronapandemi, med varierande grad av nedstenging, opna Norge igjen i februar. Veldig mange har hatt korona også dette året, men på grunn av at befolkninga, etter oppmdoing, har teke fleire dosar vaksiner, vart det ikkje fleire nedstengingar av landet.

Fjaler sokneråd har 8 faste, leke medlemer, og i tillegg soknepresten som er geistleg representant. Sokneprest: Knut Arne Kummeneje. Personleg vara: prost Knut Magne Nesse. Når rådet handsamar saker som involverer kommunen, har kommunal finansiering gjennom drift- og investeringstilskotet, møter ein representant oppnemnd av kommunen. Kommunal representant: Ole Jakob Nedrebø. Personleg vara: Hjordis Åsnes

Fjaler sokneråd, leke medlemer

Trude G. Högseth Felde – leiar, Terje Roald Halsnes - nestleiar, Sølvi Ann Solheim Løkkebo, Vibeke Mandelid, Merete Myromslien, Solveig Nitter, Liv Sandsund og Lena Therese Solheim. Varamedlemer: 1. vara: Christer Yndestad, 2. vara: Bente Synnøve Sæterdalen Solheim. Soknerådet har berre to varamedlemer, skal vere fem.

Soknerådsmøte, -saker, representasjon, samlingar, soknemøte og kyrkjelydsmøte.

Fjaler sokneråd har hatt 5 møte og handsama 48 saker. Budsjett, økonomiplan, rekneskap, årsrapport, gudstenesteplan og offertildeling er årlege saker. Saker som gjeld kyrkjer og gravplassar vert nemnt under dei kapitla.

Kyrkjelydsmøte og samling

Dette året har vi verken hatt kyrkjelydsmøte eller medarbeidarsamling.

Tilsette

Kyrkjeverje: 100% stilling. Irene Fløde har permisjon i 20% av stillinga for å hjelpe Hyllestad sokn med kyrkjeverjeoppgåver.

Kyrkjekretær: 40% stilling. Joy Elizabeth Taylor slutta 31.1.2022 etter om lag 20 år i stillinga.

Joy hadde og kyrkjekretærstilling i Gauldalen sokn, seinare i Sunnfjord kyrkjelag fellesråd.

Hildegunn Helleset byrja 1.1.2022. Hildegunn er og kyrkjekretær i Askvoll sokn.



Takk til Joy



Velkommen til
Hildegunn

Kantor: 100% stilling. Mark Taylor har 10 % permisjon for å skjøtte sitt politiske verv i Vestland fylkeskommune.

Kyrkjetenar i Dale kyrkje, Atle Lyngstad Ness. På slutten av året var Oddbjørn Bjordal kyrkjetenar på einskilde gudstenester. A L Ness har òg reinhald av kyrkjekontor og Ljosheim.

Dale gravplass vart slått av Benjamin Ulvik Alværen, som er sesongarbeidar. Han hjelpte oss også med snørydding.

Kyrkjetenar i Guddal kyrkje og i Hellevik- og Folkestad bedehuskapell er Anne Brit Mo. Ved Guddal kyrkje har òg Oddrun Yndestad vore engasjert ved avvikling av gudstenester. Då har Reidar og Morten Langeland hjelpt oss med manuell ringing av kyrkjeklokka. Ved Folkestad bedehuskapell har Våge krins bedehusforeining ved Randi Fretland vore engasjert.

Gravplassen i Guddal vart slått av Tarjei Guddal, elev på vidaregåande skule. Tidlegare gravplassarbeidar Reidar Langeland er framleis engasjert til diverse vedlikehald på Guddal gravplass.

Til vedlikehald på dei to gravplassane i ytre Fjaler, Hellevik og Folkestad, har soknerådet avtale med Jostein Folkestad. Han er sjølvstendig næringsdrivande.

Prestetenesta

Sokneprest: Knut Arne Kummeneje i 100% stilling.

Sokneprestane i Fjaler, Hyllestad og Askvoll vikarierte for kvarandre ved ferieavviklinga sommaren 2022.

LIVSRITER

	2018	2019	2020	2021	2022
Dåp	15	15	14	23	28
Konfirmasjon	38	30	33	27	21
Vigsel	2	3	1	4	3
Gravferd / Bisetjing	38	21	17	35	28

Aktivitet i dei ulike kyrkjene – kapella. Tala i parentes er frå 2021

Dåp:

Vi har ei fast spalte om dåp i kyrkjebladet og på heimesida.

Det var 21 (20) i Dale kyrkje, 0 (1) i Guddal kyrkje, 0 (0) i Hellevik kapell, 4 (2) i Folkestad kapell og 3 (0) ved Korssundkrossen.

Konfirmant:

13(19) vart konfirmerte i Dale kyrkje, .5(6) i Guddal kyrkje og 3 (2) i Folkestad kapell.



Vigsel: Det var 1 (2) i Dale kyrkje, 2 (1) i Guddal kyrkje og 0 (1) ved Korssundskrossen.

Gravferd/bisetjingar:

Fordelinga var 22 (26) i Dale, 1 (1) i Guddal, 5 (5) i Hellevik og 0 (3) i Folkestad.

"SAMAN I TRUA, SAMAN I KYRKJA" Trusopplæringa i 2022

v/ sokneprest Knut Arne Kummeneje



Dåpsfase med dåphelsing og babysong

I dåppssamtalen får kyrkja eit første møte med familiene. Til eitt-, to- og treårsdagen for dåpen, sender kyrkja ei helsing til familiene med informasjon om dei kristne høgtidene; jul, påske og pinse – med fokus på ei høgtid per brev.

Babysong. Kyrkja hadde åleine ansvaret for babysong i 2022. Tidlegare har det vore i samarbeid med kommunen og kulturskulen. Det var samling føremiddagar hausten 2022. Til saman var 18 born innom, 15 mellom 0 og 1 år, og 3 over 1 år. For den yngste gruppa var det ein deltakingsprosent på 65, og for den eldste 16%.



Babysong på
Ljosheim



To-, fire-, og seksårssamlingar

I samband med desse tiltaka får borna utdelt bøker i same bokserie. På grunn av korona-restriksjonar, blei 2-årssamlinga på Ljosheim arrangert med smittevernstiltak. 6 toåringar deltok, 33% av årskullet på 18.

Fireåringane hadde ei samling ein laurdag før utdelingsgudsteneste i november. Ein deltakingsprosent i 2022 på 80 mot 88% i 2021.

Seksåringane har sitt opplegg i september, der var oppslutnaden 65 % i 2022 mot 85% i 2021.

Påskevandring, gudstenesteagentar og Den store forteljinga (minikonfirmantar)

Dette er tiltak for dei som går i 3.-, 4.-, og 5. klasse, der påskevandring er for den yngste gruppa, gudstenesteagentar for dei i midten, og Den store forteljinga for dei eldste. Desse tiltaka går kvart år for dei som soknar til Dale kyrkje, men for Guddal og ytre Fjaler slår vi saman tiltaka for 3.-5. årssteg, slik at dei får eitt slikt tiltak i året.

Påskevandring ble gjennomført for dei som sokna til Dale kyrkje, og oppslutnaden var på 63% i 2022. I 2021 var det nedstenging pga koronapandemien, og opplegget blei gjort om til pinsevandring i staden og gjennomført rundt pinse – utan utdelingsgudsteneste. Oppslutninga var då 41%.

GT-agentane hadde sitt opplegg i mars med gudsteneste i Dale kyrkje 27. mars. Deltakinga var på 33% av heile årskullet, men dei fra Guddal og ytre Fjaler hadde ikkje tiltaket på sitt program i 2022. Det var bare dei som soknar til Dale kyrkje som var invitert i 2021 også, og då var oppslutnaden på 45%.

Den store forteljinga blei arrangert i januar-februar for heile Fjaler, og hadde ein oppslutnad i 2022 på 58%, mot 62% i 2021. Men i 2021 var det berre dei som soknar til Dale kyrkje som hadde det.

Kirkerottene

Fredag 1. april hadde **Kirkerottene** framsyning i Dale kyrkje for born i barnehagane.

Kirkerottene er eit teater frå Gjøvik med teaterframsyningar for born.

I planen har vi Kirkerottene som eit tiltak for 5-åringar, og oppslutnaden denne gongen var 83% mot 78% i 2021, men berre femåringar frå Dale tok del.

Middag og misjon

Her inviterer vi 8.- klassingar til eit opplegg om misjon i samarbeid med Det Norske Misjonsselskap, NMS. Det er fokus på kyrkjelydens misjonsprosjekt, som er NMS sitt arbeid i Midtausten.

Tiltaket var planlagt 10. november, men måtte avlysast på grunn av sjukdom.

Konfirmasjon

Det er framleis mange som sluttar seg til kyrkjeleg konfirmasjon i Fjaler. Forutan deltaking i gudstenester og samvær, er konfirmantane med på ulike aktivitetar, mellom anna konfirmanthelg, samt at dei deltek på Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon før påske. Det blei gjennomført ein dør-til-dør-aksjon til Kirkens Nødhjelp. Deltakingsprosenten for konfirmasjon var i 2022 95% mot 100% i 2021.

Det blei gjennomført
konfirmanthelg på
Alværa Misjonssenter



Det er matservering på omtrent alle tiltaka i trusopplæringa. Dette er det Atle Lyngstad Ness som har stått for, som inkluderer alle samværa for konfirmantane, samt ansvaret for måltida på konfirmanthelga på Alværa.

Tiltak etter konfirmantalder

Solidaritetskonserten markerer avslutninga på innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Denne konserten er eit samarbeid mellom Kyrkja og Kulturskulen. Nokre gongar er elevar frå United World College med. Blant deltakarane her er også ungdom over konfirmantalder. I 2022 blei denne konserten arrangert 5. april.

Kyrkje-skule/barnehage-samarbeid

I 2022 gjekk alle skule- og barnehagegudstenestene som planlagt.

Det blei elles arrangert eit 4-timars bibelkurs for femte årssteg på skular i KRLE-faget. Dette kurset heiter «Vandring gjennom Bibelen», og blei gjennomført i januar-februar på Dingemoen skule og Våge skule.

INSTITUSJON og DIAKONI

Institusjon

Det er andakt på Fjaler sjukeheim annankvar tysdag kl. 17, dei fleste med sokneprest og kantor. Prest har òg vore på besøk til dei som har ønskt det. Tradisjonen tru heldt soknepresten andakt på julemessan på sjukeheimen første søndag i advent.

Diakoni

Det meste av den kyrkjelege aktiviteten har eit diakonalt preg. Diakoni er «evangeliet i handling, uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.»

Av konkrete årlege tiltak er Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. I førjulstida deler Kyrkja i Fjaler ut blomar til pårørande, busett i kommunen, som har mista eit nært familiemedlem i løpet av året. Dette blei gjennomført som planlagt i 2022.

«**Tid for tru**» er samlingar for vaksne der ein samlast til undervisning og samtale om kristne tema. Dette er eit samarbeid mellom sokneråda i Fjaler og Askvoll, med samlingar i Dale og Askvoll annankvar gong. Det var tre samlingar i første kvartal 2022. Gjennomsnittlig frammøte var om lag 20 personar.

Bøneringen

Bøneringen i Dale blei starta hausten 2020, og den var gjennomført i heile 2022.

Her samlast vi i bøn for verda, livet rundt oss og den einskilde, og følgjer eit opplegg med dagens tekst, song og med bøn som vekslesing.

I tillegg går det an å be stille eller høgt eigne bøner, eller ei bøn for andre.

Bøneringen er for alle, og møtene er på Ljosheim torsdagar kl. 11 i partalsveker, og samlinga varer om lag ein time med liturgi og prat.

Antalet har variert frå 2-3 til 7. Det vil vere veldig fint med fleire samla.

Kvar og ein av oss kan bidra til at dei gode bønene kan spreie "ringar i vatn".

Jo fleire som samlast, jo betre.

Gudstenesteliv

Gudsteneste-deltaking står sentralt både i korarbeid, musikkarbeid og trusopplæring.

Til julaftan, lysmesse, konfirmasjon og helgemesse er oppmøtet stort, i tillegg til einskilde gudstenester i trusopplæringa. Ved andre gudstenester kan frammøtet variere. Vi er glade for at så mange er positive til kyrkja og kjem når dei blir invitert.

I trusopplæringa møter som oftast familiane opp når barnet deira skal vere med. Det same skjer når kora deltek. Slik sett er dette arbeidet veldig viktig og bidreg svært mykje til den auka oppslutninga.

	<u>2020</u>	<u>2021</u>	<u>2022</u>
Gudstenester – totalt i Fjaler, inkludert barnehage- og skulegudstenester	63	62	63

Krossvandring og Lysvandring

I tida før og etter påske har vi to ulike vandringar rundt Dale kyrkje. Kvar av vandringane har 14 stasjonar, kvar med plansjar med bilde og bibeltekst. Den første vandringa er krossvandring som handlar om kva som skjedde i den stille veka i tida frå palmesøndag til påskedag. Den andre vandringa er lysvandring som handlar tida etter Jesu oppstode. Mange set pris på å kunne gå rundt kyrkja, sjå bilet og lese om dette.



Misjonsprosjekt

Fjaler sokn har ein misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) og støttar arbeidet deira i Midtausten. Gjennom året blir det gitt takkoffer til misjonsprosjektet i gudstenester.

NMS sender ut brev til kyrkjelydane fleire gongar i året, og desse kan du lese i kyrkjebladet. Vil du vite meir om arbeidet, kan du besøke nettsida www.nms.no



GRØN KYRKJELYD

Fjaler sokneråd er sertifisert som grøn kyrkjelyd og har forplikta seg på ulike tiltak innan: Diakoni, undervisning og misjon. Energi, transport og reise. Informasjon og samarbeid. Forankring i kyrkjelyden. Innkjøp, forbruk og avfall. Gudstenesteliv.

Miljøfyrtårn er Norges mest brukte sertifikat for verksemder som vil dokumentere sin miljøinnsats og vise samfunnsansvar.

Det er viktig at vi alle har fokus på tiltaka vi har forplikta oss på, særleg innan avfall, kjeldesortering. På gravplassane slit vi med å oppfylle forpliktingane.

Lenke til rapporten fra Fjaler sokn 2022

<https://rapportering.miljofyrtarn.no/stats/151835>

KOR OG KORARBEID v/ kantor Mark Taylor

Kantor Mark Taylor er musikalsk leiar for kora. Dei har sine eigne styre samansett av kormedlemmer, unnateke Guddal familiekor, der kantor er leiar og aktiviteten er fullstendig drifta av Fjaler sokn. I Dale barnekor og Ungdomskoret er føresette òg med. Takk til dei som stiller opp som ansvarlege i styra og deltek på gudstenestene der kora syng. Dei ulike kora har sine eigne årsmeldingar som gir utfyllande opplysningar om aktiviteten. Sjå heimesida www.fjaler.kyrkja.no

Dale barnekor

Dale barnekor hadde 25 barn som kormedlemmer i alder 8 til 12 år i 2022, 20 medlemmer i våensemesteret og 20 medlemmer i haustsemesteret. Vi starta året med 3 guitar, men to av dei slutta i februar. Med alle framføringane og øvingane var barnekoret samla 42 gonger i 2022. I gjennomsnitt var det 16 born på samlingane.

Frå januar 2022 fekk barnekoret igjen lov til å øve på Dingemoen skule, i trappene ved kantina. Koret får lagra keyboard, stativ og notestativ på lageret lett tilgjengeleg under trappene. Takk til Fjaler kommune for gratis bruk av lokalet. Øvingstida er onsdagar kl.14.30-15.00. Koret hadde 28 øvingar på Dingemoen skule, song på 8 gudstenester pluss 2 skulegudstenester i Dale kyrkje, heldt 2 konserter på sjukeheimen (vår og jul) og deltok på ein julekonsert på UWC som eit ekstra oppdrag, der barna fekk bakoversveis av den store applausen frå eit fullsett auditorium.

Laurdag 1. oktober reiste barnekoret på Ung Kirkesang Vest sitt hausttreff i Nykirken i Bergen.



P.g.a. koronapandemien har det ikkje vore mogleg for barnekoret å delta på kortreff dei siste åra. Til saman reiste 17 born og 4 vaksne, inkludert dirigent Mark Taylor som var akkompagnatør for felleskoret. Dagen var innhaldsrik og kjekk. Borna lærte fleire nye songar som dei har sunge i kyrkja, på sjukeheimen og på UWC seinare.

Guddal familiekor

I januar 2022 melde dei fleste born og ungdom seg ut av koret, men vi klarte å få opp aktiviteten ved at tidlegare vaksne medlemmer kom tilbake til koret, samt at soknerådet driv koret v/ kantor i staden for eit korstyre. Årsmøtet vedtok at koret sine pengar vart overførde soknerådet, øyremerkt Guddal kyrkje.

Då klarte vi første øvinga 21. mars og hadde 10 øvingar i Guddal kyrkje i 2022. Koret hadde 2 born og 7 vaksne kvinner som song først på 17. mai, og sidan på 6 andre gudstenester, inkludert endeleg i år igjen julaftan. Koret er sosialt og ein av dei få aktivitetane som er igjen i Guddal. Koret medverkar til rikare gudstenesteopplevelingar og fellesskap.

Ungdomskoret

Ungdomskoret hadde berre 3 medlemmer i 2022 og gjorde eit forsøk å verve fleire medlemmer, utan hell.

Koret hadde 4 øvingar i mars og april og deltok med mange innslag på solidaritetskonserten i Dale kyrkje 5. april.

Ei av jentene song eit par songar på konfirmantpresentasjonen den 28. august, men elles var det ikkje aktivitet hausten 2022.

Blandakoret for vaksne, **Cantus**

Det var 31 vaksne på Cantus sine øvingar i 2022, men snittet på aktive gjennom året er 24. Cantus deltok med song på 7 gudstenester i Dale kyrkje, samt julekonserten og kunne igjen halde 3 konsertar på sjukeheimen, vår, haust og jul. Cantus hadde ei travel veke under teaterfestivalen med 3 øvingar og 2 framføringar på gamlebutikken på Straumsnes – ei oppstilling av «Mor og barn» av Jon Fosse. Her var koret statistar på ei minnestund etter ei gravferd, i tillegg til å syngje salmar og ein korsong.

Gudstenester

Vi er glad for at fleire utanom kora stiller med innslag på gudstenester. Ved slutten av året var vi glad for at Dale Musikkorps igjen kunne stille på høgtidsgudstenesta 1. juledag i Dale kyrkje. UWC elevar deltok på ei Taizé gudsteneste og TV-aksjonsgudstenesta (i tillegg til solidaritetskonserten). Ulike solistar som Sidsel Anita Itland, Anja Moltumyr, Ingvild Rakneberg og Marie Skadal har deltatt med song i Dale. I Folkestad har Søstrene Våge sunge, og Jarle Milde spela trekkspel. Vi takkar alle.

Samarbeid med lokale musikk-krefter

Mange songarar og musikkarar har deltatt med og utan kantor i gravferder og vigslar. Julekonserten i Dale kyrkje er det store samarbeidsprosjektet der ulike lokale aktørar hadde glede av å ha eit publikum igjen i 2022!

Kulturarrangement

29. november vart Markusevangeliet presentert i Dale kyrkje av Christian Stejskal, forteljar, fiolinist og fotograf. Markusevangeliet er evangelisten Markus` beretning om Jesu` liv og virke. Markusevangeliet vart framført utan manuskript. På lerret vart det vist foto av bibelske motiv som illustrerer Markusevangeliets 16 kapitler. Dette var sett saman med korte innslag av eigenkomponert musikk, spelt på fiolin.

Konsertar i Fjaler

Dale kyrkje

Tysdag 5. april: Solidaritetskonsert med UWC og ungdomskoret samla 50.

Onsdag 1. juni: Piano- og orgelkonsert, «Ebony and Ivory» ved Mark Taylor samla 30. Noko av musikken var på det nye konsertpianoet og noko på orgelet.

Søndag 15. august hadde Bjørn Tomren med band avsluttande konsert i Dalsfjordveka. Det var selt 349 billettar. Soknerådsmedlemer stilte som medhjelparar og vakter i kyrkje. Maksimum 350 billettar er nok det talet på billettar som det er fornuftig å selje til konsertar.

Fredag 9. desember: «Den tradisjonelle julekonserten». Konserten samla 290, inkludert medverkande. Dette var ein stor nedgang i høve til oppmøte før pandemien råka oss.

Folkestad kapell har to årlege «Syng med oss», vår og haust. I tillegg har Mark Taylor teke opp att tradisjonen med ein kort konsert før høgtidsgudstenesta påskedag om kvelden.

.....

Kommunikasjon ut

Kyrkjeblad for Fjaler kjem ut 3 gongar i året. I tillegg til staben på kyrkjekontoret, har Atle Lyngstad Ness hjelpt oss med stoff til bladet. Redaktørar er soknepresten og kyrkjeselekretären. Vi er takksame for alle som finn kyrkjebladet interessant og betaler bladpengar som gjer det mogleg for oss å gje det ut.

Vi har heimeside/nettside www.fjaler.kyrkja.no og er på Facebook.

Gudstenester blir kunngjort kvar laurdag i ein felles annonse i Firda for heile avisa sitt dekningsområde. Der står berre stad og klokkeslett, og det blir vist til heimesida for meir informasjon.

Kyrkjekretær Hildegunn Helleset har hovudsvarer for å få sendt kyrkjebladstoff til trykkeriet, og informasjonen på sosiale medium.

Kyrkjekontoret i Dalehuset i Dalstunet. Vi trivst i kontorlokala sentralt i Dale, nær kyrkja. Fleire og fleire nyttar nettet ved kontakt, slik at både telefonoppringar og besøk på kontoret har år for år gått litt ned. I år vart koparleidninga til Telenor utkutta, noko som medførte at det vart slutt på fasttelefon og telefonsentral. Det er blitt erstatta av ein kontor-mobiltelefon.

KYRKJER

Dale kyrkje

Måling av tårnet vart gjort i sommar. Resten av kyrkja var målt dei to føregåande åra.

Alarmsendaren til brannalarmen måtte skiftast.

Termostatstyringa av kyrkja svikta like før jul. Sikringstavl vart montert for 22 år sidan og vi har ikkje hatt problem tidlegare. No har vi mellombels løysing før ny varmestyring vert montert.

Guddal kyrkje.

Takheller dett ned av og til, slik óg dette året. Fekk leigd ein som var oppe med lift og fekk lagt dei på plass nye.

Hellevik- og Folkestad bedehuskapell er to kapell eigd av ulike organisasjoner, der soknet er leigetakar.

GRAVPLASSAR (kyrkjegardar), gravplassdrift

Dei fire gravplassane; Dale, Guddal, Hellevik og Folkestad, hadde alle vanleg vedlikehald. Vi får jamt over gode tilbakemeldingar på vedlikehaldet.

Senking av kiste ved gravferder har fått lik praksis ved alle gravplassane. No er det tau som vert nytta.

Etter at senking av kiste med tau vart teke i bruk for eit par år sidan utanom Dale, vart det i vår óg fast praksis på Dale gravplass.

Gravminne. Innhogging av nye namn og oppussing av gravminne

Sidan 1998 har vi formidla denne tenesta som skrifthoggar Per Gunnar Silseth har utført vår og haust fram til og med 2022. Formidlinga fortset med ny, erfaren skrifthoggar, også han frå Nordmøre. Vi får ein liten provisjon som takk for formidlinga. Alle moner dreg, og dette er med å bidra til at vi kan ha fine, velstelte gravplassar.

Dale gravplass

Oppslagstavl på kyrkjegardsmuren ved porten frå parkeringsplassen, som vart montert i 2000, er teken ned. Ny tavle er montert på same plassen. Den nye tavla har glas som beskyttar plakatane mot regn og vind. Det er litt problem med ising/riming av glaset ved minusgrader.



Grusgangane inne på gravplassen vart grusa på nytt denne hausten. Det må gjerast med visse mellomrom, og no var det mange år sidan sist.

Ny Dale gravplass på Øvra – eitt steg nærmare realisering

Det er styrkt håp om realisering av gravplassen på Øyra, men framdriftsplanen er usikker. Norconsult, ved landskapsarkitekt Anne Irgens, har planlagt ny gravplass på Øyra. Soknerådet fekk presentert planane i teamsmøte og er svært nøgde med korleis gravplassen på Øyra er utforma, og tykkjer at bruva over elva har fått ei fin form.
Illustrasjonen vi har fått frå Norconsult syner oversiktssilde.



Reguleringsplanen vart send på høyring seinhaustes 2022, med høyringsfrist i slutten av januar 2023. Reguleringsplanen må vere godkjend før gravplassen kan sendast ut på anbod.

Framdriftsplanen er, ifølgje kommunen, såleis noko usikker.

Ved budsjettetthandsaminga til kommunen i desember ligg Gravplass på Øyra inne i økonomiplanen med følgjande investeringar; kr 4 millionar i 2023 og 3,2 millionar i 2024. Brua over elva, frå kyrkja til gravplassen på Øyra, ligg i 2024 under «Ynskte investeringar, Ikke prioriterte» med kr 10,1 millionar.

Brua over elva til ny gravplass på Øyra synest kalkulert til 10,1 millionar. Ifølge kommunen skal det lagast reguleringsplan for nytt byggefelt på Bjerga, og då vil det truleg kome krav om gangveg frå Bjerga til Dale sentrum. Det mest sannsynlege er då at eksisterande bru over Storelva vil verte utvida. Då vil det bli vurdert om det er behov for og økonomi til to brukryssingar. Soknerådet håper sjølvsagt at den planlagde bruā mellom gravplassane vert realisert.

Guddal gravplass. Parkeringsplassen ved kyrkja vart grusa på nytt. Då fekk vi og køyrt bort overskotsmasse som blir lagra i utkanten av parkeringsplassen.

Hellevik gravlass

Parkeringsplassen ved kapellet og gravplassen
fikk tilført ny grus.

Folkestad gravplass.

Reiskapshuset på Folkestad gravplass vart gjort ferdig denne våren.

Det vart laga eit bitte lite, isolert pauserom med utsikt mot sjøen. Straum og vatn vart last inn. Huset vart målt utvendig.

lagt inn. Huset vart milt utvendig.
Rommet på nedssida, som var frå tidelegare,
har fått ny dør.



Ljosheim – forsamlingshuset i Dale

Ljosheimbasaren

Etter at den årlege Ljosheimbasaren, på grunn av pandemien, ikkje vart avvikla i 2021, var vi i år i gang igjen. Basaren var andre laurdagen i februar, og det var akkurat då landet opna opp att. Vi hadde eit par restriksjonar. Selde årar til dobbel pris med to trekningar og serverte kaker på fat ved borda. Dette for å ha minst mogleg vandring i lokalet. Resultatet av basaren vart om lag kr 50 000.

Minnestund. Tilbodet vårt om minnestund som vi hadde før pandemien, har det ikkje lukkast å få i gang att. Atle Lyngstad Ness skreiv eit innlegg i kyrkjebladet med oppmoing om dugnadsinnsats, men vi fekk ikkje respons.

Bruk

Soknet bruker huset til eigne aktivitetar. Cantus har korøvingane sine fast på Ljosheim onsdagskveldane. Eritreiske flyktingar har hatt sporadiske møte i småsalen. Storsalen var utleigd eit par dagar i veka til yoga i vår og haustsemestera. Huset har vore utleigd til dåpsfestar, konfirmasjon og minnestund. Dette er utleige der leigetakarar ordnar alt sjølve. Vi ønskjer meir utleige og håpar at fornyinga som no vert gjort vil vere tiltalande.

Opprusting - vedlikehald

Handikapptolett i hovudetasjen, som det har det vore snakka om i årevis, vart endeleg realisert. Det er krav om handikapptolett, men vi har vore i tvil om korleis vi skulle få gjennomført det. Etter å ha forkasta framleggjett om å ta av arealet i gangen, tok vi i staden av arealet i småsalen. Resultatet er vi svært nøgde med, og småsalen er framleis i bruk til små samlingar og møte. Kjøkkendelen i småsalen er òg ny. Nye skåp er montert på dugnad av Geir Magne Kleppe, med Terje Roald Halsnes og Leiv Nistad som handtlangarar.

Prosjekt på kyrkjer og gravplassar som det må jobbast vidare med å få gjennomført:

Dale kyrkje

- Vindauge – omkutting, byte ut knuste ruter og måling
- Nye brudestolar må på plass fordi dei knallraude som er i kyrkja, passar verken i form eller farge
- Sikkerheitsgitter på røyromnane under benkane
- Slipe og lakke golvet i kyrkjeskipet
- Planleggje påbygg på inngangspartiet, eventuelt ombygging inne. Livslaupsstandard på toalett, dåpsventerom og lagerplass

Guddal kyrkje

- ❖ Automatisk ringeanlegg
- ❖ Lakke golvet
- ❖ Vindauge – omkutting, byte ut knuste ruter og måling
- ❖ Skiferen på kyrketaket er av dårlig kvalitet. Dessutan rustar spikrane, slik at heller dett ned og vert knuste

Dale gravplass

- ♦ Utvide med ny gravplass
- ♦ Omregulere gravplassen slik at drifta vert lovleg med graving etter «rutenett». Teikne nytt kart over gravplassen der graver som er yngre enn 25 år er nøyaktig plasserte

Guddal gravplass

- ♦ Teikne nytt gravkart i samsvar med nye krav

Hellevik gravplass:

- ♦ Planting

Folkestad gravplass:

- ♦ Plante ved det nye gravfeltet m.m.
- ♦ Vedlikehald av steinmuren rundt delar av gravplassen

FJALER SOKN SIN REKNESKAP 2022

Rekneskapen til Fjaler sokn vert førd av Fjaler kommune og revidert av kommunerevisoren, Vestland revisjon, Kommunalt Oppgåvefellesskap

Fjaler sokneråd er takksame for godt samarbeid, og for drifts- og investeringstilskot frå kommunen.

Fjaler sokn sin rekneskap har fire tenesteområde: 1. Kyrkjeleg administrasjon, 2. Kyrkjer, 3. Gravplassar og 4. Anna kyrkjeleg verksemd.

Aktivitet under dei tre første tenestene har kommunen finansieringsansvar for.

Nytt lovverk frå 1.1.2021.

Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i «Lov om tros- og livssynssamfunn» (trossamfunnsloven) Kap 3 § 14. *Finansiering av Den norske kirke* og «Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd» (gravplassloven) § 3 *Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar*, 2-3 ledd.

Her i årsrapporten vert det berre ei kort oppsummering av rekneskapen for 2022.

Resultat

Rekneskapen under dei tre første tenestene (1, 2 og 3), der kommunen har finansieringsansvar, har eit mindreforbruk på kr 253 328. Mindreforbruk skuldast mellom anna:

Innsparing på lønn, bruk av pensjonistar og ungdom, sjukmelding. Innsparing av utgifter til KLP ved utbetaling av pensjonistløn. Innsparing av organistløn, ikkje gravferd i kantor sin ferie m.m. Festeinntekter for to år i staden for eitt, kr 224 300 over dobbelt av budsjett. Låge straumkostnadar kr 48 000 i høve budsjettet kr 106 000. God straumavtale. Færre gravferder enn budsjettet (ikkje enkelt å budsjetttere).

Mva- refusjon

Den samla mva-refusjonen i rekneskapen er kr 333 368. Av dette er kr 92 307 i investeringsrekneskapen.

Sum driftsinntekter, inkludert inntekter under tenesta (4) 044 Anna kyrkjeleg verksemd, er kr 5 010 104.

Driftstilskotet frå Fjaler kommune er kr 3 510 000, Brukarbetaling, sal, avgifter og leiginntekter kr 556 024, Refusjonar/overføringer kr 348 359, Tilskot frå Rettssubjektet Den norske kyrkje 186 145, Andre tilskot, gåver og innsamla midlar kr 354 576.

Sum driftsutgifter, inkludert utgifter under tenestene under 044 Anna kyrkjeleg verksemd, er kr 4 373 195. Lønn og sosiale utgifter utgjer kr 2 283 915, Kjøp av varer og tenester kr 1 607 563, Refusjonar/overføringer kr 293 568, Tilskot og gåver kr 133 150.

Kommunal tenesteyting er tenester til rekneskapsføring, lønsutbetaling og revisjon.

Verdien av kommunal tenesteyting er sett til 55.000 kr, og er ført både som inntekt og utgift. Kommunen er beden om å auke dette beløpet som er alt for lågt og ikkje har vore regulert.

Rekneskapsskjema – Investering. Investeringsrekneskapen går i null.

Årets investeringsbehov kr 777 185. Summen er inkludert kr 300 000 i tilskot frå kommunen, som først blei avsett på ubunde investeringsfond. Momsrefusjonen er kr 92 307.

Kjøp av aksjar og andelar, KLP: kr 7 326.

Kyrkjer: Måling av tårnet på Dale kyrkje, kr 26 000 eks. mva.

Gravplassar: Ombygging og utviding av reiskapshus Folkestad gravplass, kr 175 320

Ljosheim: Handikapptolett og kjøkkenløysing i hovudetasjen, kr 176 232

Dei sju tenestene under 044 Anna kyrkjeleg verksemd

Kyrkjelydsarbeid, Dåpsopplæring (Trusopplæring med tilskot), Konfirmantarbeid, Diakoni, Kyrkjemusikk, Kyrkjelydsblad. Ljosheim forsamlingshus vert og ført her.

Aktiviteten under tenesta «Anna kyrkjeleg verksemrd», er soknerådet sine oppgåver etter *Kirkeordning for Den norske kirke § 12. Menighetsrådets oppgaver*. (gjeldande fra 1.1.2021). Ved Konfirmantarbeid er kommunal delfinansiering vidareført.

Inntekter er elles kyrkjeoffer, leigeinntekter, billettinntekter, gåver og bladpenger. Gåver (loddosal) i samband med Ljosheimbasaren i 2022 var kr 55 000 og minnegåver kr 9 600. Leigeinntekter gjeld Ljosheim. I tillegg mottek soknerådet årleg tilskot fra Kirkerådet til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til Kirkerådet via Bispedømmerådet.

Tenestene under 04400 Anna kyrkjeleg verksemrd, blir med unntak av Konfirmantarbeid og i år Ljosheim, «nulla ut» før rekneskapsavslutning. Her har alle tenestene kvar sitt bunde fond, og då blir det anten avsetjing til fond, eller bruk av fond. Dette fordi desse tenestene vert haldne utanfor dei tenestene der kommunen har finansieringsansvar.

Konfirmantarbeid sitt resultat er kr 3 699. Ljosheim; kr 141 242.

Bruk av bundne fond kr 54 112. Avsett til bundne fond kr 125 756. Overføring til investeringsrekneskapen kr 356 552

Årleg vert det teke inn offer i kyrkjene til organisasjonar, og følgjande er overført

Vi ser ein tydeleg auke i bruk av Vipps ved ofring under gudstenestene. Ved vippes blir vi trekt 1,5% i gebyr, og når vi set kontantar inn i banken må vi betale kr 75 pr innskot. Vi samlar difor opp offera og set dei samla i banken når månaden er slutt, slik at størst mogeleg sum går til offermottakarane

	<u>2019</u>	<u>2020</u>	<u>2021</u>	<u>2022</u>
Offer til Lag og organisasjonar	52 696	30 273	41 595	49 137
Offer til Misjonsprosjektet	21 719	20 501	22 025	18 428
Offer til Kirkens Nödhjelp	18 350	3 883	6 102	21 145
Fasteaksjon Kirkens Nödhjelp	46 636	Digitalt	Digitalt	16 324

§12 (4) I årsberetningen skal det gjøres rede for

- a. *den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnsliketillingen, herunder kjønnsfordelingen i styrende organer,*
Fjaler sokn har 5 fast tilsette, 3 kvinner og 2 menn. Soknepresten som har Bispedømmerådet som arbeidsgjevar, er mann.
Fjaler sokneråd har 8 faste medlemer, 7 kvinner og 1 mann. I tillegg møter soknepresten som er mann. Det er også den kommunale representanten.
Rådet har 2 varamedlemer, ein mann og ei kvinne.
Den kommunale vararepresentanten er kvinne.
- b. *eventuelle likestillingstiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å fremme likestilling uavhengig av kjønn,*
Ved soknerådsval blir det arbeidd for god kjønnsfordeling, men til siste val lukkast det ikkje.
- c. *eventuelle begrensninger når det gjelder tilgang til egne aktiviteter, styrende organer, verv eller stillinger som har sammenheng med ett eller flere diskrimineringsgrunnlag, og*
d. *eventuelle segregerte aktiviteter eller tilbud.*
Ingen merknad under c og d.